

## Dønhaugungane møtte Apa

31.05.2012



Å danse saman med Apa var kjekt

**Dei 24 ungane i Dønhaug Gardsbarnehage møtte i dag Apa og dansa etter ein justert utgåve av OL-floka.**

Dei hadde ei stor stund og enda større blir ho når resultatet kjem i form av ein musikkvideo i august eller september. Den blir eitt av mange og allsidige produkt frå Vennebyen. Det er i utgangspunktet ein norsk animasjonsserie for små barn skapt av politimannen Carl Christian Hamre. Men det er så mykje meir....

Vennebyen blir sendt sundag morgen i TV2 og i Uskedalen er Renate Koløy og ungane hennar ivrige sjåarar. Då det kom invitasjon gjennom Facebook til interesserte barnehagar var Renate ikkje sein til å reagera og i dag kom eit TV-team på 3 til Dønhaug for å gjera opptak. Sentralt i opptaka stod Apa og kven er så det?

Apa er alles venn og verdas einaste politiapekatt. Han er både snill og hjelpsom. Vennene hans er teddybjørnen Ted i ambulansetenesta og elefanten Elfie i brannvesenet og saman er dei tre karakterane framifrå representantar for utrykningsetatane. Deira verdiar er ein viktig del av bodskapen i vennebyen. Der står vennskap, samarbeid, integrering og solidaritet høgt. Samtidig er det viktig at serien formidlar informasjon om førstehjelp, brann- og trafikksikkerheit

TV-serien er no seld til meir enn 50 land og har titelen City of friends i England. Bak Vennebyen står selskapet CreaCon Group som har hovedkontoret i Åsane og 40 ansatte. Produktspekteket inneholder naturleg nok alle TV-sendte episodar samla på 10 DVD-ar, men også slikt som ryggsekkar og sengesett!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Apa er alles ven